

Arne Sandnes

6210 VALLDAL

Dykkar ref

Vår ref

Dato

07/752-2 ORN

22.05.07

### Kommunelova § 9 tredje ledd - ordførar som rettsleg representant

Vi viser til dykkar brev av 5. mars 2007 med spørsmål om ei presiserande fortolking av kommunelova § 9 tredje ledd, om ordførar som rettsleg representant for kommunen i kontrakt- og avtale forhold. Departementet forstår det slik at du og har spørsmål som er knytt til delegasjon av denne kompetansen.

Kommunelova § 9 tredje ledd andre punktum slår fast at ordførar er kommunen sin rettslege representant når ikkje denne mynda er tildelt andre. Det vil seie at ordførar er den som tek i mot forkynningar og meldingar i samband med rettssaker jf. domstollova § 191. Ordføraren er og den som underteknar til dømes kontraktar og avtaler på kommunen sine vegne, og som dermed kan forplikte kommunen juridisk med si underskrift.

Som det kjem fram i føresegna sjølv kan denne kompetansen delegerast til andre. Når det gjeld å delegere kompetanse til å ta imot forkynningar og møte i rettssaker på vegne av kommunen, gjeld det særlege prosessuelle reglar som vi ikkje kjem nærmare inn på her. Kompetansen til å undertekne på vegne av kommunen kan og delegerast til andre, og da vil kommunelova sine alminnelege reglar for delegasjon gjelde.

Kommunelova byggjer på at kommunestyret har all avgjerdsmynnde om ikkje dette er lagt til andre i lov eller ved delegasjonsvedtak jf. kommunelova § 6. I forhold til kommunelova § 9 tredje ledd om ordførars mynde til å binde kommunen rettsleg ved å undertekne avtaler m.m., betyr dette at denne kompetansen kan kommunestyret delegere til andre. Det mest praktiske er nok at rådmannen eller ein eller fleire etatsleiarar blir tildelt denne typen kompetanse. Om kommunestyret ikkje har nytta seg

av høve til delegasjon, slår § 9 fast at det er ordføraren som forpliktar kommunen med si underskrift. Av openberre grunnar er det mest praktisk at ein skildpersonar har mynda, og at ikkje heile kommunestyret må underteikne ein kontrakt. I dette ligge det og at ordførar, eller den som har fått delegert mynda, berre har legitimasjon til å binde kommunen så langt det underliggende forhold tilseier.

Med helsing

Helga Hjorth e.f.  
avdelingsdirektør

Oddny Ruud Nordvik  
seniorrådgiver